

Økonomien i vidareutdanninga ved Universitetet i Bergen

Driftsbudsjettet ved instituttet er todelt. På den eine sida har vi *annuum*. Instituttet vedtok budsjett for annuum i 2018 på rådsmøtet 14. februar (sak 4). På den andre sida har ein dei *interne prosjekta*. Instituttet har fleire interne prosjekt, dvs. øyremerkte føremål som ligg innanfor driftsbudsjettet til instituttet. Innanfor dei interne prosjekta finst det fleire undergrupper, og dei viktigaste av desse undergruppene ved IF er:

- stipendiatane sine driftsmidlar (72 000 kroner per stipendiat for den samla tilsetjingsperioden)
- smådriftsmidlane ved instituttet (om lag 300 000 kroner for heile IF, fordelt etter søknader)
- vidareutdanninga ved instituttet

Det mest krevjande feltet, men òg det med størst rom for endringar og vekst, er vidareutdanninga. Den vidare drøftinga handlar derfor om økonomien i vidareutdanninga ved instituttet. Fakultetet har laga ein ny budsjettmal for desse kursa. Instituttet har rekna gjennom økonomien i dei enkelte vidareutdanningskursa ved hjelp av den nye budsjettmalen. Dette gjev oss eit betre overblikk over heile økonomien i vidareutdanningsdrifta ved IF. Likevel må det presiserast at dei tala som ligg til grunn i denne saka, er førebelse. Dei enkelte budsjetta må gåast gjennom grundigare for å få meir nøyaktige tal. Og når det gjeld kursa som går til hausten, kjenner vi enno ikkje studenttala, og dermed kan vi heller ikkje vera sikre på inntektsgrunnlaget. Det vil med andre ord koma endringar i dei budsjetta som er lagt til grunn for denne saka. Men så langt vi kan sjå her og no, gjev likevel tabellen på neste side eit rimeleg dekkande bilete av økonomien i dei ulike vidareutdanningskursa ved Institutt for framandspråk.

1. Forklaring til tabellen

Tabellen listar opp alle vidareutdanningsemna som vert gitt ved IF i 2018, med studiepoeng, forventa studenttal og studentbetaling per student. Nesten alle kursa ved IF baserer seg på betaling frå studentane. Unntaket er Kompetanse for kvalitet, dvs. SPANSK621 og SPANSK622, som er finansierte av Utdanningsdirektoratet.

Kolonna *Overhead til IF* viser den overheaden instituttet forventar å henta inn frå dei ulike kursa i 2018. Overhead skal som kjent gå til å dekkja dei litt «usynlege» utgiftene instituttet har (telefon, kopiering, utstyr og annan infrastruktur). Det er lagt til grunn moderate overheadsatsar på 20 prosent for dei fleste kursa, og 10 prosent for dei kursa som instituttet har minst praktisk oppfølgingsarbeid med (kinesisk og fransk). Den samla forventa overheaden for heile vidareutdanninga i 2018 er i underkant av 370 000 kroner.

Den viktigaste kolumna i tabellen er likevel *Resultat*. Kolumna viser kor stort over- eller underskot vi reknar med på dei ulike kursa i 2018 etter at alle utgifter er trekte frå (undervisning, eksamen, koordinering, administrativ oppfølging, sosiale kostnader på alle lønsutgifter, overhead til fakultet og institutt, semesteravgift for studentane).

Kolonna heilt til høgre viser *Overført frå 2017*, dvs. det overskotet eller underskotet kvart enkelt vidareutdanningsprosjekt har med seg frå 2017 og inn i 2018. Vidareutdanninga får ta med seg overskot frå eitt år til neste, og må ta med seg underskot frå eitt år til neste. Det overførte under- eller overskotet vert ikkje fordelt på enkeltkurs, men følgjer dei meir overordna prosjekta (som t.d. Nettpansk eller Nettarabisk).

VIDAREUTDANNINGA VED IF BUDSJETT 2018						Overført frå 2017
Emne	Studiepoeng	Forventa studenttal	Student-betaling	Overhead til IF	Resultat	
ARA621	15	7	15 000	21 000	-111 599	
ARA622	15	7	15 000	21 000	-68 536	
Nettarabisk				42 000	-180 135	168 230
FRAN600	10	25	8 000	20 000	18 401	
Fransk studieførebuande				20 000	18 401	0
KIN623	15	6	8 000	4 800	5 834	
KIN624	15	8	8 000	6 400	17 505	
Kinesisk vidareutdanning				11 200	23 339	146 701
SLAN611	15	8	12 000	19 200	-22 107	
SLAN612	15	7	12 000	16 800	-19 791	
SLAN613	15	0	12 000	0	0	
SLAN614	15	6	12 000	14 400	-47 463	
SLAN640	15	8	12 000	21 600	-26 113	
SLAN641	15	0	12 000	0	0	
SLAN642	15	8	12 000	19 200	-64 504	
Nettspansk				91 200	-179 978	-375 292
SPANSK621	15	22	0	103 920	176 980	
SPANSK622	15	24	0	103 920	194 119	
Kompetanse for kvalitet				207 840	371 099	?
Heile vidareutdanninga IF				372 240	52 726	

2. Dei enkelte tilboda

Nettarabisk starta opp med første kurs i 2017, og vart utvikla med støtte frå Noregsuniversitetet. Utviklinga av tilbodet har gått til dels parallelt med undervisninga. Første kurset starta opp med nesten 30 søkjarar hausten 2017, og tilbodet har med seg eit overskot inn i 2018. Oppfølgingskurset våren 2018 har langt færre studentar (7), og budsjettet for kurset som skal gå hausten 2018, er basert på eit tilsvarande lågt studenttal. I år går dermed kurset med eit ganske stort underskot. Her er det likevel ein faktor som er viktig å ta med: Undervisninga i år blir gitt av ein fast tilsett på faget innanfor den faste stillinga hennar. Løna til denne stillinga er dekkja av fastlønsbudsjettet ved fakultetet. Dermed vil kurset i realiteten gå i balanse økonomisk fordi vi utnyttar ledig kapasitet i staben. Men denne situasjonen må sjåast på som eit unntak, og vi kan ikkje rekna med at det vil vera ledig undervisningskapasitet i den faste staben på arabisk framover.

Det studieførebuande franskkurset i Caen har tidlegare lagt ved SIU og vart første gong gjennomført i regi av IF hausten 2017. Instituttet betalar studiesenteret i Caen for undervisninga og administrasjonen av kurset. Studenttalet er bra. Kurset gjev òg eit økonomisk overskot, men det er knapt.

Vidareutdanninga på kinesisk blir undervist av lærarkrefter ved Bergen Konfutse Institutt (BKI). IF betalar ikkje for desse lærarkreftene. Studenttalet er etter måten lågt, men instituttet har òg svært låge utgifter til tilbodet, som altså gjev ein viss økonomisk pluss.

Nettspansk har tradisjonelt vore det store flaggskipet i vidareutdanninga ved instituttet, og var lenge òg eit ruvande tilbod ved UiB. Dei seinare åra har studenttalet gått kraftig nedover, og konkurrerande gratistilbod er nok ein hovudgrunn til dette. IF er likevel åleine om å tilby vidareutdanning på 200-nivå på spanskfaget. Vi har greidd å halda oppe ein brei kursportefølje, men det hender at lågt søkjartal gjer at eit enkeltkurs går ut eit år. Nettspansk har med seg ein relativt stor minus frå 2017, og går også i minus i år. Undervisninga på Nettspansk har gjennom fleire år blitt gitt av seks fast tilsette lærarar i delstillingar som summerer seg opp til 140 prosent stilling (50, 20, 20, 20, 20 og 10). Å ha faste stillingar på vidareutdanninga er ikkje berre eit gode for den enkelte tilsette, men det gjer det òg lettare for instituttet å planleggja og utvikla vidare eit tilbod. Problemet oppstår sjølvsagt når studenttalet minkar og studentbetalinga krympar tilsvarande.

På mange måtar har **Kompetanse for kvalitet**, fullfinansiert av Utdanningsdirektoratet, redda situasjonen for spansk vidareutdanning. Instituttet har ei gruppe svært kompetente lærarar i faste stillingar på spansk vidareutdanning, og desse har gått inn og utvikla og undervist på det nye spansktilbodet innanfor Kompetanse for kvalitet. Her er studenttalet bra, og finansieringa frå Utdanningsdirektoratet er god. Tilbodet går med overskot og sikrar at den samla vidareutdanninga – ikkje berre på spansk, men ved heile IF – ser ut til å gå i balanse i 2018.

3. Utfordringar framover

Utfordringane for vidareutdanninga framover er mange. UiB er i ferd med å vedta ein ny handlingsplan for etter- og vidareutdanning for perioden 2018-2022, og det er viktig for instituttet å vera framoverlent på dette feltet. Vi har mange fag som kan spela ei rolle innanfor etter- og vidareutdanninga, og ikkje minst kan vi møta behov i skuleverket. Sett frå ein økonomisk synsvinkel, vil vi peika på eit knippe utfordringar framover:

- A. Vi må sikra rekrutteringa til kursa og dermed også det finansielle grunnlaget. Størst utfordringar her har Nettspansk og Nettarabisk.
- B. Vi må henta inn finansiering til å utvikla gode nye tilbod, samstundes som vi må finna ressursar til å vidareutvikla og fornya «gamle» tilbod. Utviklinga i teknologien gjer at eit kurs fort blir forelda om det ikkje blir vidareutvikla.

- C. Målsetjinga er at etter- og vidareutdanninga ved fakultetet skal vera sjølvfinansierande, og helst yta eit økonomisk tilskot til den ordinære drifta av institutta. Andre institusjonar, ikkje minst OsloMet, har greidd dette på ein langt betre måte enn UiB. Skal tilbodet innan etter- og vidareutdanning byggjast ut ved fakultetet og UiB, må feltet sannsynlegvis organiserast på ein annan og langt meir offensiv måte enn no. Det må brukast ressursar for å få på beina nye tilbod, rekruttera fleire studentar og få større økonomisk utbytte.